



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

FORENINGEN RIDDERRENNET
Idrettens Hus
0840 OSLO

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SVENIN - 26/1326

Arkiv:

K01

Vedtaksdato:

14.07.2026

Saksnr.	Utval
200/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
177/26	Kommunestyret

Svar på søknad om motorferdsel i utmark - Foreningen Ridderrennet

VEDTAK:

- Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak gir Foreningen Ridderrennet v/ Mette Miklos dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark i samband med bruk av terrenggåande mobilitetskøyretøyet Exoquad under Riddercampen 19. – 23. august 2026.
- Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:
 - Løyvet gjeld ein tur for to terrenggåande mobilitetskøyretøy til Kjølafjellet, vestre Skreddalsfjellet og Stryteberg. Det skal ikkje nyttast Exoquad til Søre Brurskardknappen.
 - Løyvet gjeld berre for deltakarar med funksjonsnedsetjingar og personell som følgjer desse.
 - Mette Miklos v/ Foreningen Ridderrennet er ansvarleg for løyvet.
 - Køyringa skal berre skje på eksisterande stiar til dei godkjente turmåla. Det skal ikkje køyrast utanfor traseane.
 - Det skal ikkje køyrast inn i Langsua Nasjonalpark utan at det føreligg løyve frå Langsua Nasjonalparkstyre.
 - Køyringa skal skje med låg fart (maks 6 km/t) og med omsyn til beitedyr, dyreliv og terreng. Berre dei køyretøya som er omtalt i vedtaket kan nyttast.
 - Det skal visast særleg aktsemd til bakkehekkande fugl. Dersom det blir observert hekkande fugl, skal ferdsla utsetjast.
- Vedtaket er fatta i heimel i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6. Kommunedirektøren vurderer at tiltaket inneber eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte.

Saksopplysningar:

Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	47683426	961382068	nina.karoline.svensrud@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no


I regi av Ridderrennet, i samarbeid med Beitostølen Helsesportsenter, er det søkt om å nytte det terrenggåande mobilitetskøyretøyet Exoquad, slik at personar med rørsleutfordringar kan delta under Riddercampen 19. – 23. august 2026.

Vedlagt i søknaden ligg ei omtale av Exoquaden som lyd slik:


«Exoquaden er utviklet spesielt for personer med mobilitetsutfordringer, og selv om den gir et utmerket alternativ til tradisjonelle rullestoler, er den klassifisert som motorkjøretøy. Den har et bredt design og lavt marktrykk, noe som gjør den trygg og stabil i ulendt terreng, samtidig som den setter minimale spor. Exoquaden har 4-hjulstrekk, veier kun 90 kg fordelt på fire vekt punkter, og kan justeres til gangfart for å beskytte terrenget.»

Det er søkt om å nytte to ulike terrenggåande mobilitetskøyretøy. Turane vil gå føre seg i perioden 20. – 22. august. Eksakte datoar for dei ein skilde turane er ikkje endeleg fastsette, då dei er vêravhengige. Turane vil følgje allereie etablerte turstiar:


- Sørre Brurskardsknappen, med oppstiging frå Vågå-sida og ned via Øystre Slidre (evt. motsatt ut ifrå været) (figur 1).
- Kjølafjellet, frå Heimre Kjølaskjølen (figur 2).
- Vestre Skreddalsfjellet (følgjer sti utanfor nasjonalparkgrensa) (figur 3).
- Stryteberget, med oppstiging frå sida mot Øysterlie og ned til reinsdyrslakteplassen (figur 4).




Figur 1: Figuren syner planlagt rute til Søre Brurskardknappen.



Figur 2: Figuren syner planlagt rute til Kjølafjellet.



Figur 3: Figuren syner planlagt rute til Skreddalsfjellet.



Figur 4: Figuren syner planlagt rute til Stryteberg.

Vurdering:

Søknaden må vurderast etter *lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, forskrift for bruk av motorkøyrerøy i utmark og på islagte vassdrag, samt naturmangfaldlova*

Vurdering etter motorferdselslovverket:

Formålet med motorferdselslova er å regulere motorferdsel i utmark ut frå eit samfunnsmessig og heilskapleg perspektiv, med sikte på å verne naturmiljøet og fremje trivsel. All motorferdsel i utmark skal skje med aktsemd og omsyn, for å unngå skade og ulemper for natur og menneske. Motorferdsel er i utgangspunktet forbode, med mindre det følgjer av lov eller vedtak med heimel i lova.

Etter forskrifta § 6 kan kommunen gi løyve til motorferdsel dersom søkjaren påviser eit særleg behov som ikkje er knytt til turkøyring, og som ikkje kan dekkast på annan måte. Ved vurderinga skal transportbehovet vegast opp mot moglege skadar eller ulemper, og det skal leggjast vekt på å redusere motorferdsla til eit minimum. Det må gjerast ei konkret skjønsmessig vurdering, der lokale tilhøve kan verte tillagt vekt, men utan at føremålet med lova vert sett til side.


Det er søkt om bruk av to terrenggåande mobilitetskøyrerøy i samband med Riddercampen, eit arrangement retta mot personar med funksjonsnedsetjingar. Føremålet er å leggje til rette for deltaking i friluftaktivitetar i fjellterreng som elles ville vore utilgjengeleg. Det er planlagt éin tur per køyrerøy til kvart av dei omtalte turmåla (fig. 1–4).

Sjølv om tiltaket inneber ferdsel i utmark, kan det ikkje reknast som turkøyting i forskriftas forstand. Turkøyting vert normalt definert som motorisert ferdsel med rekreasjon som hovudformål, der sjølve køytinga er ein del av opplevinga. I dette tilfellet er køytinga eit naudsynt hjelpemiddel for å sikre deltaking i friluftslivet for personar med rørsleutfordringar. Køytinga har ikkje eit rekreativt formål, men er ein føresetnad for å kunne delta i aktivitetar på lik linje med andre. Det finst ikkje alternative måtar å gjennomføre turane utan slike køyretøy.


På denne bakgrunnen vurderer administrasjonen at det ligg føre eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte, og at tiltaket har eit klart nytteformål. Søknaden viser at det vil takast omsyn til tryggleik, naturmiljø og dyreliv. Det er opplyst at ferdsla vil skje i låg fart (maks 6 km/t). Det er vidare lagt vekt på å redusere påverknad på terreng og vegetasjon, mellom anna gjennom bruk av køyretøy med lågt marktrykk og eit avgrensa tal turar. Køytinga vil òg gå føre seg på allereie etablert tursti.

Det omsøkte turmålet Søre Brurskardknappen (figur 1, 5 og 6) ligg i eit område som kommunestyret har peika ut som sårbart naturområde gjennom sti- og løypeplanen. Turmålet ligg òg i eit område der det nyleg er innført forbod mot bruk av el-sykkel, med føremål å kanalisere ferdsla og verne om naturverdiane i området. Kommunen vurderer at området har særlege naturkvalitetar som gjer det sårbart for motorisert ferdsel, og at søkjaren sitt behov må vurderast opp mot omsynet til naturverdiane i området. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12 vert lagt til grunn, kor området har dokumenterte naturverdiar som kan vere utsette for forstyrringar. Kommunen viser særleg til vurderingane etter §§ 9 og 10, der omsynet til føre-var-prinsippet og samla belastning talar for ei restriktiv praksis i dette området.

Deler av traseen til Skreddalsfjellet går gjennom eit område peika ut som kulturmiljø eller landskap av nasjonal interesse (figur 8). For å ta omsyn til dette vert det stilt krav om at køyting skal gå føre for seg på eksisterande sti for å unngå påverknad på landskapsoppleving og kulturhistoriske verdiar. Det er òg opplyst at stien går langs og delvis inn i Langsua nasjonalpark. Det skal ikkje køyrast i nasjonalparken, sjølv ikkje på sti, utan at det eventuelt vert søkt særskilt løyve frå Langsua Nasjonalparkstyre.




Figur 5: Kartutsnittet syner registrerte artar med nasjonal forvaltningsinteresse langs stien til Søre Brurskardknappen i Øystre Slidre kommune.




Figur 6: Syner kart over verneområde og sårbare område i samband med motorferdsel i utmark i Øystre Slidre kommune. Grøn farge indikere inngrepsfri natur av ulik grad, medan grøn stipla område indikere sårbart område. Kartet er i samband med sti- og løypeplan vedtatt av kommunestyret.



Figur 7: Kartutsnittet syner registrerte raudlista artar og naturtypar langs stien til Kjølafjellet.



Figur 8: Kartutsnittet syner registrerte raudlista artar og kulturminne langs stien til Skreddalsfjelet. Gult område indikere område peika ut som kulturmiljø eller landskap av nasjonal interesse.



Figur 9: Kartutsnittet syner registrerte raudlista artar og kulturminne langs stien til Stryteberg.

Vurdering etter naturmangfaldlova, jf. § 7, §§ 8 – 12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapsgrunnlaget er henta frå Artsdatabanken, Kilden (Nibio) og sensitive artsdata. Det er registrert førekomst av heilo (*mogleg reproduksjon*) og blåstrupe (*mogleg reproduksjon*) på Søre Brurskardknappen, samt gauk (*mogleg reproduksjon*) og raudstilk (*ukjent aktivitet*) på Skreddalsfjellet. Registreringane er frå 2022. Heilo, blåstrupe og raudstilk er bakkehekkande fugleartar. Hekkeperioden for heilo varer normalt frå mai til juni, medan blåstrupe og raudstilk hekkar frå mai til juli. Reira er godt skjulte i vegetasjonen, og både egg og ungar kan vere sårbare for forstyrringar i denne perioden. Langs stiane til Søre Brurskardknappen og Skreddalsfjellet er det vidare registrert fleire planteartar av nasjonal forvaltningsinteresse, mellom anna isssoleie, reinrose, mogop og moselyng. Søre Brurskardknappen er vurdert som sårbart naturområde i kommunen sin Sti- og løypeplan. Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne gjere ei fagleg forsvarleg vurdering av saka.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Det er noko usikkerheit knytt til om dei registrerte fugleartane framleis hekkar i dei aktuelle områda. Den omsøkte ferdsla er avgrensa i omfang og skal skje på etablert sti. For Skreddalsfjellet er tidspunktet for køyringa slik at det i liten grad overlappar med den mest sårbare delen av hekkeperioden. Kommunen legg til grunn at registrerte planteartar i hovudsak finst utanfor sjølve stiane. For å redusere risikoen for skade eller forstyrring skal ferdsla skje med låg fart, avgrensast til eksisterande sti og gjennomførast med særleg aktsemd. For Søre Brurskardknappen er det registrert mogleg reproduksjon av både heilo og blåstrupe, samstundes som området er definert som eit sårbart naturområde i kommunen sin vedtekne sti- og løypeplan. Området har òg eit forbod mot bruk av el-sykkel, med føremål om å verne naturverdiane og avgrense ferdselspresset. Kommunen meiner at usikkerheita knytt til påverknad på naturverdiane, saman med området

sin status som sårbart naturområde, tilseier at føre-var-prinsippet skal verte tillagt særleg vekt. For Søre Brurskardknappen talar føre-var-prinsippet difor mot å gje løyve.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Køyringa er avgrensa i tid, omfang og geografisk utstrekning, og skal følgje eksisterande stiar. For Skreddalsfjellet og dei øvregge omsøkte turmåla vurderer kommunen at tiltaket vil ha liten innverknad på økosystemet, og at den samla belastninga på naturmangfaldet blir låg. Ferdsla er knytt til eit dokumentert behov for mobilitet som følgje av funksjonsnedsetjing, og Exoquad har låg fart og lågt marktrykk. Kommunen vurderer at køyringa til desse turmåla vil ha avgrensa konsekvensar for naturmiljøet når ho skjer på fastsette vilkår. For Søre Brurskardknappen gjer det seg derimot gjeldande særskilde omsyn. Området er peika ut som eit sårbart naturområde i kommunen sin sti- og løypeplan, noko som inneber at kommunen allereie har vurdert området som spesielt utsett for påverknad frå ferdsel. Det nyleg innførte forbodet mot bruk av el-sykkel understrekar denne vurderinga. Sjølv om den omsøkte køyringa isolert sett har avgrensa omfang, vurderer kommunen at motorisert ferdsel til dette turmålet vil vere i strid med dei omsyna som ligg til grunn for forvaltninga av området. Av omsyn til økosystemet og den samla belastninga på naturverdiane vurderer kommunen at det ikkje bør opnast for bruk av Exoquad til Søre Brurskardknappen.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing: Tiltakshavar har ansvar for å gjennomføre ferdsla på ein måte som førebyggjer skade på naturmiljøet. Dersom tiltaket fører til miljøskade eller behov for avbøtande tiltak, må eventuelle kostnader berast av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det skal nyttast eit køyretøy med lågt marktrykk, og køyringa skal avgrensast til eksisterande stiar. Dette reduserer risikoen for slitasje på vegetasjon, terrengskadar og forstyrning av dyreliv. Kommunen vurderer at tiltaket kan gjennomførast ved bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Samla vurdering:

Etter ei samla vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 finn kommunen at den omsøkte ferdsla til Skreddalsfjellet, Kjølafjellet og Stryteberg ikkje vil medføre vesentleg skade på naturmangfaldet, føresett at køyringa skjer på eksisterande stiar i samsvar med vilkåra i løyvet.

Kommunen legg vekt på at ferdsla er avgrensa i omfang, skal gjennomførast på etablerte stiar og med eit køyretøy med lågt marktrykk. For å redusere risikoen for negative verknader er det avgjerande at det ikkje vert køyrt utanfor traseane, og at det vert vist særleg aktsemd i område med registrerte naturverdiar. Exoquad har låg fart og eit bruksføremål som skil seg frå ordinær motorisert rekreasjonskøyring. Kommunen har vidare lagt vekt på at tiltaket vil gje søkjaren tilgang til friluftsområde som elles i praksis ville vore utilgjengelege. Difor vurderer kommunen at køyringa vil ha avgrensa konsekvensar for naturmiljøet når ho skjer på fastsette vilkår.

Kommunen finn derfor at det føreligg grunnlag for å innvilge dispensasjon til dei nemnte turmåla, forutsett at køyringa vert avgrensa til angitte turmål og etablerte stiar, og at det vert sett vilkår om omsyn til hekkande fugl, registrerte naturverdiar og andre brukarar av området. For Søre Brurskardknappen er vurderinga annleis. Området er peika ut som eit sårbart naturområde i kommunen sin sti- og løypeplan, og det er nyleg innført forbod mot bruk av el-

sykkel for å verne naturverdiane og avgrense ferdselspresset. Saman med registreringar av bakkehekkande fugl talar dette for ei restriktiv forvaltning av området. Kommunen finn på denne bakgrunnen grunnlag for å gje dispensasjon til dei øvrege omsøkte turmåla, men ikkje til Søre Brurskardknappen.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Nina Karoline Svensrud
Rådgjevar landbruk og utmark

Vedlegg

Kopi til:

Statsforvalteren	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Innlandet			
Øystre Slidre	Bygdinvegen 1989	2940	HEGGENES
fjellstyre			

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar